

Bakgrunn:

Etter høringsfristen og fram til dags dato har det kome inn 4 innspel, kor 3 av dei er samanfatta og kort vurdert i saksframlegget. Vurderinga av den 4. kjem her, og innspelet er ettersendt.

Avsendar:

Hallgeir Øvrebust, 07.06.2020

Vurdering frå administrasjonen:

Ein utbygging av H60 vil setje krav til forbetring av trafikksituasjonen i området, og det er viktig å finne ein god løysning.

Foreslått alternativ åtkomst til H60 vil utløyse nye utgreiingskrav og mest sannsynleg krav om konsekvensutgreiing. Løysningen gitt i innspelet vil gi høgare gjennomføringskostnader enn planforslaget legg opp til, utan at det trong å bety at det er ein dårligare løysning. Foreslått løysning vil gi eit nytt krysningspunkt mellom veg og skiløype, og difor mogleg krevje to skibruer i tillegg til ny bilbru over Storelva. Planforslaget legg opp til at tomtene i H60 skal vil bli knytt opp til utbyggingsavtale som sørger for i overkant av 40 000,- per eining, og desse vil mest truleg gå til realisering av skibrua på vestsida av elva. Ein infrastrukturkost på 200 000,- er altså 5 gongar det som dagens utbyggingsavtalar legg opp til.

Ny vegtrase frå Overøye og over elva vil gi kortare reiseavstand frå H60 til Alpinanlegg, men vil og føre til at inngrepa i våtmarksområdet vil bli meir omfattande. Inngrep i våtmarksområde gir høgare utslipp av klimagassutslepp, er ein trussel for naturmangfald og kan svekke viktige økosystemtenester som til dømes overvatnshandtering. Generelt vil det vere betre å oppgradere eksisterande vegnett i staden for å byggje nytt, spesielt når det gjeld eventuell nedbygging av intakte våtmarksområde.